

Rapport prosjekt «Rom for møter» Austrheim kommune

Tiltaksområde 1 – Språkkafé og norsktrening



Biblioteket har invitert til Språkkafé i Austrheimstova, vegg i vegg med biblioteket. I starten samarbeida vi med Austrheim Rotary, men etterkvart fekk vi med to eldsjelar som er lærarar på vidaregåande skule. Dei stod for innhald av kaféen, mens biblioteket var arrangør og tok seg av annonsering, og kontakt med NAV/flyktningekonsulenter.

Det var stort frammøte og behov for språkkafé kvar måndag. Ut på hausten vart det nok med annakvar måndag. Flyktningane fekk det travelt med skule, jobb, barn, møter m.m og det var ikkje lenger same behov.

Vi var to tilsette frå biblioteket som tok del på kaféen (forskjøvet arbeidstid og ekstra jobbing), og vi vart godt kjent med ulike kulturar, og flyktningane fekk kjennskap til norskpråket, og kulturen i landet og lokalt i Austrheim. Biblioteket var ope når vi hadde språkkafé, og vi ser at Austrheim folkebibliotek og Austrheimstova fungerer fint som møteplass. Vi har kjøpt ein del spel m.a New Amigos (arabisk-norsk). Spela var mest i bruk i starten. Det har ikkje vore språkkafé i 2018.

Tiltaksområde 3 – Den lokale kystkulturen

Austrheim folkebibliotek har fokus på kvardagsintegrering og vi har arrangert «God kveld Austrheim» i samarbeid med Årås Sanitetsforening, Austrheim Rotary, Frivilligsentralen, Vaksenopplæringa, NAV/flyktningkonsulentane og flyktningar. Vi vil gje ei stemme, ein arena, og eit møtepunkt for kulturutveksling. Vår 2017 hadde vi Syrisk aften, og Somalisk after. Det var svært vellukka, og det var fullt hus på biblioteket med god mat og dans i Austrheimstova.

Det er viktig at flykningane også blir kjent med kystkulturen i kommunen vår, og som del av «Rom for møte» har vi arrangert guida båttur blant holmar og skjær. Ordfører var med som guide. Austrheim vidaregåande laga god turmat. Kulturavdelinga følgjer opp med å ha fokus på integrering i festivalen HavGlede. Alle som vil får prøve kajakk, sup, trampoline, og ulike aktiviteter på sjøen (gratis).

Tiltaksområde 4 – Digitale verkstadar

Biblioteket har brukt prosjektmidlar «Rom for møte» til å kjøpt OSMO program til nettbrett: Osmo Genius Kit. Det har var lang leveringstid frå BS-Eurobib, og vi fekk dataspelet rett før sommarferien 2018, og er difor ikkje kome i gang med bruk av programmet. Biblioteka i Nordhordland har fått prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket til å arrangera verkstadar med ulike aktivitetar (elektronikk, lego og programmering). Formålet med prosjektet er å styrke integreringsarbeidet gjennom utvalde aktivitetar som engasjerer på tvers av språk og kultur. Prosjektleiar i Strilebiblioteket har vore sjukemeldt, og difor er denne satsinga i Austrheim utsett til september 2018. Vi skal samarbeid om dette tiltaket med ungdomsklubben i tillegg til NAV/flyktningkonsulentar og skulen.

I prosjektet «Rom for møte» har vi hatt forfattartreff:

**«Om migrantruter,
menneskeverd, murar og
Middelhavet,
vår yttergrense mot sør
og aust» ved Kristin
Sørsdal.**

Det var ca 60 publikum og kaffimaten stod flykningar frå Somalia og Syria for.



«Forskjellen på blomster og ugras» roman av Runar K. Dahle, lokal forfattar. Boka tar utgangspunkt i ei grufull hending frå verkelegheita som fann stad i England i byrjinga av februar 2004. Asiatiske flyktninger plukka skjel i muddarbanker, og drukna då floen kom.

«Migrasong – tonane dei bar med seg over havet» i regi av Hordaland fylkeskommune kjem til Austrheim folkebibliotek 17. september. Konserten tinga vi i 2017, men turnèen er utsett til september 2018. Nordmenn har også vore på flukt og emigrert. «Migrasong - tonane dei bar med seg», er farga av situasjonen som mange flykningar og innvandrarar både i USA og Noreg lever under i dag.

Rekneskapsrapporten visar at vi har brukt heile tilskotet til tiltak i «Rom for møte» i tråd med søknaden. Det har vore endringar i kontoplan og ny versjon av økonomisystemet i kommunen, og derfor er det to ulike prosjektnummer og ulike konto. Prosjekt 5027 for 2017, og prosjekt D40001 for 2018. Vi har brukt langt meir i løn enn det som står i rekneskapsrapporten.

Austrheim folkebibliotek har hatt stor nytte av å ta del i prosjektet «Rom for møte», og vi helde fram med å jobbe for integrering, og for biblioteket som møteplass for alle.

14. august 2018

Kari Torkildsen Utkilen

kulturleiar/biblioteksjef
Austrheim folkebibliotek